



Ida Strand  
Alvermarka 27  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5719 - 22/64289

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
26.08.2022

## Ferdigattest tilbygg einebustad - gbnr 137/417 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 921/22  
**Tiltakshavar:** Ida Strand  
**Ansvarleg søkjar:** Jan Eirik Spurkeland  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad på gbnr 137/417.**  
**Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.08.2022.

Det vert elles vist til søknad mottaken 13.07.2022.

### Skildring

Adresse:	Alvermarka 27
Bygningstiltak:	Einbustad – tilbygg
Bygningsnummer:	176246820 -1
Bruksareal:	32m <sup>2</sup>

## Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5719

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Ida Strand

Alvermarka 27 5911

ALVERSUND

Jan Eirik Spurkeland

Seimsstranda 5912

SEIM

565